

## Imponerende kunstutstilling i barnehagen!

21.03.2007



Johan Saghaug Kroka (2 år) hadde måla og lima på blondestoff etterpå. Her sit han og mor Hanne nær kunstverket. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**- Dette er like fint som ein utstilling av verk laga av dei moderne kunstnarane!**  
**Røplikken kom frå ein representant for bestefargenerasjonen som hadde latt seg invitera til ein to timars "open dag" i barnehagen i Uskedalen onsdag. Framfor alt lokka den med kunstutstilling. Det var første gongen eit slik tiltak vart prøvd, men det var særst vellukka. Mange var innom og vart imponerte over kva dei såg.**

Høgst forskjellige teknikkar og ulikt materiell var nytta.

Stølen (der dei er frå eitt til tre år) viste mellom anna kva som kan gjerast av leire og trolldeig og kor spanande det blir når ein først målar på stoff og så limar blondestoff utanpå.



Fredrik Haugland hadde tatt bilete av løa på Neset og teikna ho. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er viktig å pirra nysgjerrigheit og kreativitet hos barna, og i rammeplana heiter det at dei skal jobba med arkitektur og bygg i nærmiljøet. Det hadde Bamsebu/utbarnehagen (dei større ungane) i høgste grad teke konsekvensen av.

Ungane fekk ta bilete av ein bygning dei sjøl valde og så teikna dei han etterpå. Valet av bygningar hadde stor spennvidde – frå kyrkja til løa på Neset - og teikningane synte det same – frå naturalisme til surrealisme! "Å hjelpe barn og sjå er ei viktig oppgåve", heitte det i kommentarane frå personalet. Men auga som ser er som kjent høgst forskjellige.

Dei vaksne måtte leggja att ein slant som gjekk til eit svært godt føremål, nemlig nytt fotoapparat i barnehagen. Apropos foto vart det synt bilete på to skjermar av det som skjer i barnehagen. Det var også rikeleg servering og

i det heile ein riktig triveleg ettermiddag..

God kontakt med lokalsamfunnet er viktig for skule og barnehage og på det området ligg vi godt an i Uskedalen....

Av Ola Matti Mathisen



Fint vær sette ein ekstra spiss på den opne dagen i barnehagen. (Foto: Ola Matti Mathisen)